## - Har aldri sett så mykje laks så tidleg

29.06.2011

Øystein Hundstad frå Neslia i Rosendal med ein laks på 1,5 kilo på brua. Fisken er fanga i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Oppsynsmann Arne Terje Haugland har ei gladmelding på morgonkvisten. Han gjekk gjennom elva i går kveld og slår fast at det er veldig mykje laks.**

**Faktisk har han aldri sett så mykje laks så tidleg i sesongen som no.**

Haugland oppmodar fiskarane om å kontrollera om dette er eit innsig av oppdrettsfisk og at dei eventuell melder tilbake til han om dette.

Haugland ber også enkelte av fiskarane som han har sett fiska med tunt snøre om å om å gå over til meir solid utstyr då det ikkje er så lett å fanga store laksar med så spinkelt utstyr.

Fiskarar uskedalen.no har hatt kontakt med meiner at tilhøva i elva nærmar seg det ideelle etter det siste regnet og dei ser fram til gode fangstar.

I så tilfelle vil vi i uskedalen.no ha snarlege meldingar!

Av Ola Matti Mathisen